

Saksbehandlar: Synnøve Stalheim, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8208-28

Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsutkast til Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling vert lagt ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist 09.03.2018.

Vedlegg:

1. Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling, høyringsutkast.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I Regional planstrategi 2016-20 er det vedteke at det skal utarbeidast ein «Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling» for fylket. Strategien er utarbeidd med føremål om å styrke tettstadane våre, og å utvikle sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar i fylket. Strategien er tenkt som eit grunnlag for Regional plan for arealbruk som er vedteke starta opp hausten 2018, jf. FT- sak 34/2017.

Regionreform og samanslåingsprosess vil kunne gje endra føresetnader for oppstart at dette planarbeidet. Dette må fylkesrådmannen ev. få kome attende til.

Planutvalet har fungert som arbeidsgruppe i planprosessen. Bakgrunn for strategiarbeidet, målsetjingar for arbeidet, føringar for kunnskapsgrunnlaget, prosess og føringar for retningslinene i strategidokumentet har vore drøfta der, jf. arbeidsdokument i PU sak 3/16, 1/17 og 7/17.

Det har elles vore gjennomført møte med regionråda, og kommunane har hatt høve til å gje innspel til arbeidet i to omgangar. Regionråda og kommunane har spesielt bidrege når det gjeld kunnskapsgrunnlaget.

I juni 2017 vart det gjennomført eit fellesmøte mellom planutvalet og leiinga i regionråda. Føremålet med møtet var å få innspel til strategiarbeidet, sikre politisk forankring og koordinere arbeidet med regionane sine utfordringar.

Planutvalet drøfta hovudmål og delmål for strategien (jf. PU-sak 1/17), der hovudmålet er;

«Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterkare bustad-, arbeids- og serviceregionar, med meir attraktive tettstader som utfyller og styrkar kvarandre.»

2. Strategidokumentet

Strategidokumentet omhandlar eit kunnskapsgrunnlag og framlegg til føringar (retningsliner) for korleis vi kan jobbe sett opp mot nemnde hovudmål. Satsområda i strategien er delt inn i (jf. òg PU-sak 7/17);

- Attraktive tettstader
- Attraktive bustader
- Sterkare bu-arbeids- og service regionar

Analysar av flyttemønsteret i fylket har vore eit viktig grunnlag for strategien. Klimaomsyn (reduksjon, endring og tilpassing) er gitt som ei overordna retningsline og skal inngå i alt plan- og utviklingsarbeid.

Attraktive tettstader

Innsatsområdet attraktive tettstader omhandlar kva gjer ein tettstad attraktiv, og kva vi kan gjere for å styrke denne attraktiviteten. Hovudprinsippa for dette er summert opp i retningsliner som er førande. Det er ikkje gjort noko skilje mellom små og store tettstader, då vi vurderer det slik at det er dei same prinsippa som gjeld uavhengig av storleik. Utfordringane og innsats-områda kan likevel vere ulike om tettstaden opplever vekst eller reduksjon i folketalet.

Det er utarbeidd framlegg til retningsliner for sjølve planprosessen, og for arealbruken. Juridisk føring som er gitt i «Regional planføresegn for handel og kjøpesentra» når det gjeld avgrensing av sentrum er òg kort omtala.

I retningslinene for planprosess er innsatsområda knytt til at kommunane bør styrke sin identitet og sine særpreg, det bør gjennomførast stadanalyse for tettstaden og/eller i sentrum, og ein bør sikre brei medverknad i tettstad og /eller sentrumsarbeidet.

I retningslinene for arealbruk er det sett føringar om at kommunane bør fastsetje avgrensing av tettstaden i kommuneplan eller i områderegeringsplan. Vidare er det m.a. gitt føringar om at sentrum skal ha funksjonsblanding, tenester og handel m.m. skal i hovudsak vere lokalisert i sentrum, sentrum skal ha tett utbygging og høg utnyttingsgrad, sentrum skal ha universelt utforma med attraktive møteplassar for ulike målgrupper, gang- og sykkelvegnettet skal vere samanhengande og trafikksikkert, det skal vere fokus på kollektivknutepunkt, arealutnytting og god arkitektonisk utforming, det skal takast omsyn til kulturminne, kulturhistoriske verdifulle bygningar og bygningsmiljø og stadtilpassa blågrøne strukturar bør sikrast.

Retningslinene er for dei tre satsingsområda viste samla i kapittel 2 Samandrag.

Attraktive bustader

Temaet omhandlar lokalisering av nye og variasjon i type bustader. Retningslinene omhandlar begge desse temaa.

Det har ikkje vore mogeleg å framskrive bustadbehovet i kommunane då det i datagrunnlag frå SSB ikkje er mogeleg å skilje mellom bebudde og ubebudde bustader. Framskrivning av bustadbehov vil vere viktig å få på plass når det er mogeleg å gjere analysar på dette.

Bu- arbeids - og serviceregionar (BAS regionar)

Senter i BAS- regionane

I planutvalet (PU-sak 7/17) vart grunnlaget for kva som kunne vere aktuelle BAS-regionar drøfta. Med utgangspunkt i tidlegare politiske føringar og analysar over pendlestraumane i fylke hadde fylkesrådmannen vurdert Førde som fylkessenter og Sogndal som regionsenter. I tillegg ønskte fylkesrådmannen politiske vurderingar på Florø som ev. regionsenter og om tettstader i Nordfjord og Hafs ev. skulle ha ein slik status.

Planutvalet tilrådde i samband med dette at «Førde, Florø, Sogndal, Nordfjordeid, Stryn, Måløy og Sandane er senter i BAS-regionar». Det er såleis definert sju BAS-senter, der eitt er lokalisert i Sogn, to i Sunnfjord, fire i Nordfjord og ingen i HAFS.

I fylkesdelplan for arealbruk (2000) er Førde fastsett som fylkessenter. I tillegg er Førde definert som fylkessenter i «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (2017)», jf. punkt 3.4 http://www.sfj.no/Regional_planføresegn. I fylkesdelplanen, eller i planføresegna, er det

ikkje gjort noko vurdering eller grunnleggjeving for Førde sin status som fylkessenter. Føringane i den regionale planen (heimla i plan- og bygningslova) og i den regionale planføresegna (juridisk bindande) er overordna strategidokumentet. Fylkesrådmannen har difor i det vidare arbeidet teke utgangspunkt i at Førde har status som fylkessenter, men at det er dei sju sentra i BAS-regionane som har fokus.

I framlegg til retningsliner er difor Førde definert som fylkessenter, medan Førde, Florø, Sogndal, Nordfjordeid, Stryn, Måløy og Sandane er sett som senter i BAS-regionane. Kommunesenter og ev. bygdesenter vert definert i kommuneplanen. Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning.

Styrking av sentra i BAS- regionane

Ut frå Transportøkonomisk institutt sine vurderingar er det mest effektive ein kan gjere for å betre veksttilhøva i fylket å redusere reisetidene innanfor *BAS-regionane*, og såleis gjere folkesetnaden sin tilgang på arbeidsplassar betre.

Det er hovudsakleg fire tilhøve vi kan påverke ved regional og kommunal planlegging som har betydning for reisetider.

- Lokalisering av arbeidsplassar
- Lokalisering av handel og tenester
- Lokalisering av bustadar
- Samferdsle.

I framlegg til retningsliner har vi difor tilrådd at større etableringar av offentlege arbeidsplassar, handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag og tener eit større område enn den einskilde kommune bør lokaliserast i sentra i BAS-regionane. I tillegg at bustadområde bør plasserast i tilknytning til eksisterande kollektivknutepunkt og/eller trasear, og at kollektivknutepunkt bør plasserast i sentrum.

3. Vidare arbeid

Strategiarbeidet er bestemt til å ikkje vere ein formell plan etter plan- og bygningslova, men det er vedteke at strategiarbeidet skal på høyring, jf. PU-sak 3/16. Høyringsfrist for strategien er 09.03.2018. Strategien skal vedtakast i fylkestinget i april, jf. PU-sak 3/16 og FT-sak 34/17.

4. Konklusjon

I strategidokumentet er det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag og framlegg til retningsliner for temaa attraktive tettstader, attraktive bustadar, og bu-, arbeids- og serviceregionar. Fylkesrådmannen tilrår å legge «Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane ut til høyring.